



Bente Aamodt – likevel ikkje ordførar i Skjåk – under ferien sin i Uskedalen sist sommar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Bente Lærum Aamodt (46) frå Uskedalen blir likevel ikkje ordførar i Skjåk sjølv om Arbeidarpartiet og ho gjorde eit brakval. Bygdalista, som kom på vippen, bestemte seg tysdag kveld for å støtta Senterpartiet og dermed blir Rolv Kristen Øygard ordførar.**

Arbeidarpartiet fekk 39,8 prosent av røystene og tre nye representantar i kommunestyret. Likevel hadde Senterpartiet størst oppslutnad med 47,5 medan Bygdalista landa på 12,7 prosent og vart sittande med nøkkelen til kva som skal skje i den regnfattige Ottadalskommunen dei næraste fire åra.

Bygdalista har hatt forhandlingsmøte både med Arbeidarpartiet og Senterpartiet og tysdag vart avgjerda teke i eit fem timar langt møte,  
- Vi føler at vi får meir høve til å stå fritt og påverke saman med Senterpartiet, sa Astrid Gjertsen frå Bygdalista til lokale media.

Av Ola Matti Mathisen

